

Fra: Bjørn Inge Midtgård (Bjorn.Inge.Midtgard@hfk.no)

Sendt: 30.10.2017 13:44:16

Til: Ingvar Skeie; 'Torbjørn Wilhelmsen'; Arild Rogde (arild.rogde@accountor.no); 'Hardangerbrua'; solfrid.borge@ullensvang.herad.no; Astrid Farestveit Selsvold; Stein Inge Ryssdal

Kopi: 'Stensbak-Friesen Konstantin'; Banne Kaisa Tonheim (kaisa.banne@vegvesen.no); Thorbjørn Aarethun

Emne: Tilskott til reduserte bompengetakstar på riksvegar utanfor storbyar - Hordaland - vedtak takstomlegging

Vedlegg: image001.png;Utklipp frå protokollen-26.10.17 PS 254-17.pdf;saksframlegg.pdf

Hei, Fylkesutvalet handsama 26.10, sak PS 254/17 «Omlegging til nytt takst- og rabattsystem for bompengeprojekt i Hordaland –uttale», og gjorde mellom anna slikt vedtak i høve til dei 4 prosjekta/selskapa som er omfatta av tilskottsordninga for reduserte bompengar på riksvegar utanfor storbyane.

«1.Fylkesutvalet sluttar seg til det føreslegne framlegget frå Statens vegvesen Region vest, i brev frå 19.9.2017, til omlegging av takstar- og rabattar, inklusive eit passeringstak på 30 passeringar, for Hardangerbrua og Vossapakken.»

«2. Fylkesutvalet sluttar seg til det føreslegne framlegget frå Statens vegvesen Region vest, i brev frå 19.9.2017, til omlegging av takstar- og rabattar, utan passeringstak, for Halsnøysambandet og E134 Stordalstunnelen.»

«4.Fylkesutvalet legg til grunn at det nye takst- og rabattsystemet vert gjort gjeldande for den framtidige bompengerekravet for E39 Bergen – Os.»

«7.Fylkesutvalet føreset at omlegginga til nye takstar- og rabattar ikkje gjev lågare bompengerekrav for dei ulike bompengeprojekta/bompengepakane, slik at grunnlaget for dei gjeldande garantivedtaka ikkje vert svekka. Fylkesutvalet ber om at takst- og rabattomlegginga vert evaluert om lag eit år etter at endringa er gjennomført.»

«8. Bompengeselskapa for bompengeprojekta i Hordaland som er omfatta av «Tilskottsordninga for reduserte bompengetakstar for riksvegar utanfor storbyområda», har søkt om tilskott til reduserte bompengetakstar. Det er eit vilkår for ordninga at bompengeprojekta vert lagt til eit av dei regionale bompengeselskapa. Fylkesutvalet legg derfor til grunn at selskapa Voss- og omland Bompengeselskap AS, Bergen-Os Bompengeselskap AS og Hardangerbrua AS vert innfusjonerte i Sørvest Bomvegveselskap AS, så snart det formelt og praktisk let seg gjera.»

«9. I tillegg viser fylkesrådmannen til at fylkestinget, i vedtak frå 14.6.2016 om etablering av eit regionalt bompengeselskap, har fastslått at prosjektet E134 Stordalstunnelen, som HFK- økonomiavdelinga er «bompengeselskap» for, snarleg skal overførast til det regionale bompengeselskapet.»

Heile protokollen og saksframlegget er vedlagt denne eposten.

Fylkesutvalet har no gått inn for den tilrådde takstomlegginga. Uttalen går vidare til Vegdirektoraret for endeleg vedtak. Me minner selskapa om at søknadsfristen i tilsagnsbrevet **er sett til 1. november**, for å få utbetalt tilskott for 2017.

Det er selskapa som har ansvaret for å få sendt inn naudsynt dokumentasjon til VD innan fristen.

Kontaktperson i VD er Konstantin Friesen

[Konstantin Stensbak-Friesen](#)

Kontor: Kontor for bompengeforvaltning

Postadresse: Statens vegvesen Vegdirektoratet, Postboks 8142 Dep, 0033 OSLO

Besøksadresse: Brynsengfarete 6A, OSLO

Mobil: +47 41104865 **e-post/Lync:** konstantin.stensbak-friesen@vegvesen.no

www.vegvesen.no **e-post:** firmapost@vegvesen.no

Med helsing

Bjørn Inge Midtgård

Seniorrådgjevar

Samferdselsavdelinga| transportplanseksjonen



Tlf: 55 23 94 19 | Mob: 41685134

www.hordaland.no